

Årsmelding 2023 Moster sokneråd



Samansetjing av soknerådet 2023 før valet på nytt råd

Leiar:	Rune Sivertsen
Nestleiar:	Gunnvald Bjotveit
Kasserar:	Elin Taranger
Skrivar:	Per Harald Gjerde
Medlem:	Camilla Rubach
	Marta Fauskanger Ekberg

Vararepresentantar: Heidi Torkelsen Fagervik (møter fast som vara)
Gerda Bondø
Christian Kallevåg-Bjerke
Karianne Haugland Fimland
Mona Ingvaldsen Hodne.

Samansetjing av soknerådet 2023 etter valet på nytt råd

Leiar:	Rune Sivertsen
Nestleiar:	Gunnvald Bjotveit
Kasserar:	Hans Magne Nesse Stokka
Skrivar:	Solveig Eikeland
Medlemmer:	Nils Otto Espeland
	Elisabeth Jacobsen

Vararepresentantar: Gerda Bondø (møter fast som vara)
Arthur Anglevik
Elisabeth Gjøsæther Løkling
Karianne Haugland Fimland

Saker i soknerådet:

Soknerådet (SR) har hatt 11 møte og handsama i alt 102 saker. Soknerådsmøta vert, for det meste, haldne i kyrkja.

Det er blitt arbeidd spesielt med desse sakene og oppgåvene i 2023:

- planlegging og gjennomføring av seks kveldssamlingar med variert oppslutting

- gudstenestene
- Komité for kyrkjejubileum og jubileumsbok
- gjennomføring av konfirmasjonstida
- orgelkomité for å få nytt orgel innan 2024
- betra kvalitet på lyd og bilete i gudstenesta

Me gjennomførte fellesmøte for soknerådet og tilsette i soknet. Evaluering og innspel frå dette forumet er viktige for soknerådet.

Frivillige medarbeidarar

I Moster kyrkje er det omlag 125 frivillige medarbeidarar med viktige funksjonar og oppgåver; kyrkjevertar, nattverdsmedhjelparar, personar med ansvar for lyd- og bilete, medlemmer i ulike nemnder og utval/ komitear, vaksenleiarar og hjelparar i trusopplæringstiltak osb. Kyrkjelyd og sokneråd er svært takksame for alle desse gode og trufaste medarbeidarane.

Økonomi

I takkoffer er det i 2023 samla inn kr 36 608,- til generelt kyrkjelydsarbeid. I tillegg er det gjeve kr 24 927,- til diakoniarbeidarstillinga, kr 18 211,- til kyrkjemusikalsk arbeid og kr 15 652 i gåve til orgelprosjektet. I 2023 vart det arranger ein giroaksjon til inntekt for ulike prosjekt i kyrkja. Her kom det inn kr 14 700,-. I alt er det då gjeve kr 110 098,- til arbeid i Moster kyrkjelyd.

Til ulike eksterne organisasjonar er det gjeve kr 149 345,- i takkoffer. Fasteaksjonen vart gjennomført med eit økonomisk resultat på kr 45 444 som vart samla inn til Kirkens Nødhjelp via vipps og fysiske pengar. Av desse på bøsser kr 16 630.

Saldo på "orgelkontoen" i Sparebanken Vest per 31.12.2023 er på kr 1 121 733,80 . Totalt i 2023 kom det inn kr 41 370,- der kr 25 352,- av desse er renteinntekter.

Orgelkomiteen

Orgelkomiteen vart oppretta i 2018 og har ved utgangen av 2023 fylgjande medlemmer: Elin Taranger (leiar), Gunnvald Bjotveit (skrivar), Øystein Skullerud (kantore), Arne Martin Aandstad (orgelkonsulent), Hans Martin Torkelsen, Camilla Rubach og Synnøve Totland.

Orgelkomiteen har berre hatt eit møte i 2023. Det viser at arbeidet nærmar seg slutten og at det nye orgelet snart er på plass. Møtet planla dugnadskonserten 29.01.23.

Medvirkande Bremnes kantore, Tobias Haldorsen tuba, Lina Eide m.fl. og Øystein Skullerud. Nærare 200 var tilstades og kr. 15.800,- kom inn til nytt orgel.

Moster sokn var pålagd å skaffa kr. 1.050.000 av ein totalkostnad på kr. 5.5 mill. Det var på plass ved utgangen av 2022. Pr. 01.10.23 stod det på orgelkontoen kr. 1.096.400,-.

Med renteinntekter for 2023 står det no på orgelkontoen 1.121.733,-. Overskytande midlar vil gje ein trygg økonomi for innviingskonserten 09.05.24 og andre markeringar for nytt orgel og jubileumsåret for Moster kyrkje 150 år. (sjå elles rekneskapsoversikta for 2023)

Orgelet som vert levert frå Brødrene Torkildsen orgelbyggeri, skulle vore på plass i Moster kyrkje medio november 2023. På grunn av dødsfall i nær familie, vart det

forseinka. Det kom fyrst på plass 22.01.24. Det er lova speleklart 1. påskedag 2024. Heile kyrkjelyden har store forventingar og gled seg.

Orgelkomiteen er aktive i planlegginga av Rutters Gloria 14.04.24, der Bremnes kantori m.fl. deltek, og innviingskonserten 09.05.24 med m.a. domorganist Kåre Nordstoga, orgelkonsulent Arne Martin Aanstad og vår eigen kantor Øystein Skullerud m. fl.

På tampen lyfter orgelkomiteen fram ein ide om å gje ut eit skrift om det nye orgelet på 20 -25 sider. Sokneråder vert utfordra til å ta ballen!

Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid

Trusopplæringsutvalet.

Trusopplæringsutvalet bestod av Karoline Knutsen Grønås, Rune Sivertsen, Christian Kallevåg Bjerke, sokneprest Aksel Lygre og kyrkjelydspedagog frem til november 2023. Hausten 2023 var det eit møte i trusopplæringsutvalet den 4.sept. På møta har ein samtalt om, planlagt og evaluert samlingane i trusopplæringa. Trusopplæringsutvalet har og vore med og gjennomført fleire av samlingane, og er ein god ressurs i arbeidet for born og unge i kyrkja på Moster.

Samlingar i trusopplæringa i 2023

Babysong

8 samlingar på hausten med songstund og servering av lunsj. Samlingane med babysong er i kjellaren på Salem.

14 born har delteke, dette utgjer 117% av dei døypte borna.

Kyrkjelydspedagogen har samlingane.

Tru:D1-2-3 Myldrekveld

Nytt tilbod med felles samling for tre alderstrinn. 4 samlingar på hausten for 1,2 og 3 åringar med songstund, bibelforteljing og kveldsmat.

13 born har delteke, dette utgjer 28 % av dei døypte borna.

Kyrkjelydspedagog hadde ansvar for samlingane.

To av myldrekveldane var i kjellaren på Salem pga. planlagt orgelbygging i Moster kyrkje.

Tru:D 2 Myldrekveld med fokus på song.

Denne samlinga er inkludert nå i Myldrekveld Tru:D 1-2-3.

Tru:D3 Krøllekveld

1 samling med bibelforteljing om den eine sauen og dei 99, mat, aktivitetar og lek.

4 born har delteke, dette utgjer 25 % av dei døypte borna.

Kyrkjelydspedagog og ein frivillig hadde ansvar.

Tru:D 4-5-6 Vi starta nye samlingane våren 2023 for dette aldersgruppe. 4 samlingar på våren og 4 på hausten. 32 born deltok, dette utgjer 58% av dei døypte borna.

Tru:D4 Utdeling av 4-årsbok

Ei førsamling inkludert i Knøttekveld Tru:D 456 på ettermiddagstid med song, bibelforteljing, lek og mat.

Familiegudsteneste 22/10 med utdeling av 4 årsbok.

1 barn deltok, og eit henta seg Bibelen på kyrkjekontoret, dette utgjer 15% av dei

døpte borna. Kyrkjelydspedagog, sokneprest og 2 frivillige deltok.

Tru:D6 Skulestartmarkering

Gudsteneste med utdeling av barnebibel 27/8.

6 born deltok, dette utgjør 67% av dei døypte borna.

Tru:D7 Påskedramagudsteneste

Borna som er heimehøyrande på Moster blei invitert til Påskevandring på ein laurdag føremiddag. 13 born deltok, dette utgjør 93% av dei døypte borna.

Tru:D8 Aktivitetsdag

Felles aktivitetsdag på dagtid i Lykling kyrkje ved skulefri gjennomført 10/11 for born frå Bømlo, Lykling og Moster. Frå Moster deltok 6 born, noko som utgjør 67% av dei døypte borna. Alle kyrkjelydspedagogene hadde ansvar for dagen i samarbeid med frivillige medarbeidarar.

Tru:D9 Tårnagenthelg

Ein Samling på ettermiddagen, ein på laurdag og gudsteneste 19/2 gjennomført med 13 born, noko som utgjør 59% av dei døypte borna. Kyrkjelydspedagog, sokneprest og 3 frivillige var med som leiarar.

Tru:D10 Jubileum for dåp

Samling med fest, pølser, leik og bibelforteljing om Moses gjennomført saman med 18 born, noko som utgjør 75% av dei døypte borna.

Kyrkjelydspedagog, prest og 3 frivillige hadde ansvar for samlinga.

Tru:D11 LysVaken

På grunn av orgelbygging ble LysVaken flytta til etter nyttår – 20.21.januar

Tru:D12 Aktivitetsfestival

Ein ettermiddag på SOLGRY med pølser, bibelfortelling, Gocart og aktivitetar i lag med heile Bømlo. 19 born deltok, noko som utgjør 58% av dei døypte borna.

Tru:D14 Innskriving av konfirantar

27 møtte til innskrivingsmøte, dette utgjør 84% av medlemmane i aldersgruppa.

Sokneprest ansvarleg.

Tru:D15 Konfirmentarbeid

30 deltok i konfirmentundervisninga, dette utgjør 83% av dei døypte ungdommane på dette alderstrinnet. Konfirmasjonstida blei avslutta med to konfirmasjonsgudstenester den 13/5 og ein den 14/5.

Tru:D16 Fjorårskonfirantar

Denne samlinga blei ikkje gjennomført i 2023.

Tru:D17/18 Tur til London for 17 -og 18-åringar

I juni deltok 13 ungdommar frå Moster sokn på tur til London, dette utgjør 37% av medlemmane på alderstrinnet.

Kyrkje – skule – barnehage samarbeid.

Dette er for så vidt ikkje ein del av trusopplæringa i kyrkja, men det er likevel viktig for kyrkja å ha eit samarbeid med barnehagane og skulane i Moster sokn. I vår var det påskevandring med ein barnehage og før jul var det 3 skulegudstenester med god elevdeltaking.

Oppsummering og tankar for 2023 i trusopplæringa.

Samlingane i trusopplæringa har god deltaking i Moster sokn. Det er me glad for. Ein stor takk til alle villige hender og føter og alle som på ulike måtar er med og bidreg i trusopplæringa i kyrkja. Saman skal me arbeida for at barn og vaksne kan kjenna seg heime i Moster kyrkje.

Gudstenestelivet

Forkynninga av Guds ord er ei hovudsak i kyrkja. Me prøver å gjera samlingane inkluderande for både born og vaksne, for at kyrkjelyden kan veksa. Nokre særskilte gudstenester for og med unge vart gjennomførte, så som lysmesse, konfirmasjon og konfirmantgudsteneste.

Både talet på frammøtte og involvering i gudstenesta må framleis vera viktig. Det er ikkje mogleg å trekkja så mange konklusjonar av statistikk.

Faktaopplysningar

(Tabelloppsett er utdrag av "Årsstatistikk for Den norske kyrkja!")

	2022	2023
Gudstenester på søndagar/heilagdagar	31	36
Deltakarar på gudstenester søndagar/heilagdagar	3957	3228
Gj.snitt deltakarar på gudstenester sønd./heilagdagar	128	108
Andre gudstenester	20	16
Døyppte	14	14
Konfirmerte	21	30
Vigsel	5	3
Gravferder	16	14
Innmeldingar/utmeldingar	1/3	6/11

Eit meir relevant statistisk materiale for å kunna seia noko om auka eller minka frammøtte i gudstenesta etter kvart som tilhøva normaliserer seg er naudsynt.

Kyrkjemusikalsk arbeid

Ein vil nemne følgjande, som blei arrangert i 2023:

- Dugnadskonsert til inntekt for nytt orgel søndag 29 jan med Bremnes kantori under leiar kantor Øystein Lund Olafsen, Tobias Haldorsen på Euphonium og Natalie Stenersen, song.
- Songkveld i Moster kyrkje fredag 31 mars med Ingebjørg Andrea Ådnanes som songsolist (98 til stades) og søndag 1 okt med bibelske salmar som tema (rundt 60 til stades). Kyrkjekora i Moster og Bømlo med kantor Øystein Skullerud hadde hovudansvaret for desse kveldane.
- Kyrkjelyden sin tradisjonelle julekonsert søndag 17. desember med Moster skulekorps, Arne Kvarven, Bømlo kyrkjekor og Moster kyrkjekor m.fl.
- Dessutan følgjande gudstenester med særskilt musikalsk preg og/eller ekstra musikalske krefter:

- Gudsteneste i Moster kyrkje langfredag med kyrkjekoret
- Gudsteneste i Moster kyrkje 2 påskedag med Anna Nøstbakken på trompet
- Konfirmasjonar i Moster kyrkje 13 og 14 mai, òg med Anna Nøstbakken på trompet
- Gudsteneste i Moster amfi søn 4 juni med deltaking av Bømlø janitsjar, Moster kyrkjekor og Bømlø kyrkjekor.
- Gregoriansk høgmesse i Moster gamle kyrkje olsokdagen med prosjektkor for dagen
- Minnegudsteneste lør 4 nov med Anders Sørvik på cello
- Gudsteneste allehelgensdag med Anna Lovise Solberg på kornett og Mathilde Torkelsen Friis på althorn
- Gudsteneste 2 juledag med Anna Nøstbakken og Anna Lovise A Solberg på kornett

Kulturskulen heldt sin årlege adventskonsert i Moster kyrkje fredag 1 desember. Medlemmer av kyrkjekoret deltek på dei fleste gudstenestene som forsongarar. Koret hadde 26 ordinære øvingar i 2023. Ved årsskiftet hadde koret 10 aktive medlemmer. Det er færre enn ved førre årsskifte. Det er ulike årsaker til at nokre av medlemmane ikkje lenger er aktive. Koret har no for få medlemmer, særleg herrestemmer, til å kunne fungere som eit sjølvstendig, firstemmig blandakor. Påfyll av nye songarar er høgst naudsynt.

Moster sokneråds kyrkjemusikalske utval hadde eitt møte i 2023. Utvalet har dei siste åra jobba med å prøve å starte opp eit barnekor. Sidan blei prosjektet omdefinert til ungdomskor, stadig med Christine som leiar. Men på våren 2023 blei det klart at Christine kom til å flytte frå Bømlø. Dermed sto prosjektet utan den viktigaste ressurspersonen. Det har ikkje lukkast å finna nokon erstattar for Christine. Det er difor inge framdrift på dette prosjektet for tida.

Dei andre sakene som blei handsama på møtet, var rekruttering til kyrkjekoret og musikalsk program for jubileumsåret. Det vert arbeidd med to prosjekt for 2024 (seminar med Ingebjørg Andrea Ådnanes på våren og oppføring av Vivaldis Gloria på kyrkjejubileet) som vonleg kan inspirera nye korsongarar. To av medlemmene i utvalet har trekt seg i 2023. I utvalet sit per 31/12 2023 Olav Kvarven, Unn Silje Stølen, Karianne Fimland og Øystein Skullerud.

Det gamle kyrkjeorgelet vart teke ned i september og skipa vidare til Polen. Det nye var venta i november, men måtte utsetjast til over nyttår. Orgelet vil likevel kunne takast i bruk til planlagt tid. Når det gjeld orgelkomiteens arbeid, viser ein til eigen årsrapport.

Pianoet vart stemt av Per Klaver i desember.

Kantor Øystein Skullerud hadde temakveld om mindre kjende salmar frå Salmeboka tor 19 januar. Dagsregisteret syner ikkje kor mange som var til stades den kvelden, men 25 personar kan vere eit rimeleg estimat.

Når det gjeld babysong, viser ein til årsrapport for trusopplæring.

Når det gjeld det økonomiske kring kyrkjemusikken, viser ein til soknerådet sin rekneskap. Det kan nemnast at kyrkjekoret er medlem i Bjørgvin avdeling av Noregs kyrkjesongforbund. Soknerådet betaler årsavgift for dette. Tidlegare kom det pengar frå Musikkens studieforbund for kvar av kormedlemmene som gjennomførte kurset (dvs korøvingane og framføringane i det aktuelle semesteret). Når kyrkjekora i Moster og

Bømlo no i røynda fungerer som eitt kor, vart det litt dialog fram og tilbake mellom studieforbundet og kantor. Konklusjonen vart at kora blir rapportert samla til studieforbundet, og at dei betaler ut støtte for kora samla, til Bømlo kyrkjekor fordi dei har eigen konto, mens Moster kyrkjekor ikkje har eigen konto og studieforbundet ikkje har lov til å betale ut stønad til vanlege driftskontoar (stønaden skal kun gå til kordrift).

Diakoniutvalet

UTVALET VIL HA SOM MÅL AT ALLE SKAL LEVE I NESTEKJÆRLEIK TIL SINE MEDMENNESKE, OG FØLGJE OPP DEI MÅLA SOKNERÅDET HAR SETT.

UTVALSMEDLEMMER: Nils Otto Espeland, Gerda Bondø, Bente Sissel Solstrand, Anne Britt Grindheim og diakon Sissel F Våge.

Utvalet har hatt fire møter med innkalling

Aktivitet:

- Telefonkontakt og besøksteneste.
- Blomehelsingar til etterlatne og jubilarar.
- Solidaritetsmarkering for Ukraina med lysstog og samling i Bremnes kyrkje 24. februar. Dette var eit samarbeid med Be to Be og Bømlo frivilligsentral og diakonitenesta.
- Fire pilegrimsvandringar frå Teiglandshagen til Moster gml kyrkje og Moster amfi i regi av diakoniutvalet.
- Diakonen var med som leiar på turen til London for 17. åringar i juni.
- I juli arrangerte diakonien pilegrimstur frå Moster til Røldal i samarbeid med regionalt pilegrimssenter i Bergen. Me var til saman 15 personar i følgjet.
- Tilbod om sorggrupper i våren 2023.
- Diakonen har annakvar måndag vore tilstades på Sesam. Sesam er ope hus for dei som har utfordringar med rus. Dette er eit nytt tilbod som Bømlo kommune driftar.
- Minnegudsteneste for etterlatne i Bremnes og Moster sokn. Gudstenesta med lystenning og opplesing namn var i Moster dette året. Moster diakoniutval deltok.
- Diakonien har i lag med frivilligsentralen arrangert eit mat, aktivitet og prat treff på Svortland skule.
- Etter initiativ utanfrå arrangerte Bømlo frivilligsentral, Bømlo Røde kors og diakonien lystenning for fred i Bremnes kyrkje 29.11.23. Initiativet kom som følgje av krigshandlingane i Midtausten.
- Diakonien, Røde kors, Bømlo frivilligsentral og Hjartespira samarbeidde om utdeling av matkassar og julegåver til jul. Det vart delt ut 120 matkassar. Alle sokneråda var med å støtta dette arbeidet.
- Temakveld i Moster kyrkje vart flytta til januar 2024.

Samarbeid med bedehusa i Moster, Håvik, frikyrkjelege forsamlingar og dei andre kyrkjesokna

I god tradisjon har samrådsmøta med bedehusa i soknet halde fram. Halvårlege møte med samtale og informasjon om arrangement for å unngå kollisjonar er viktig, og å få til konkrete samarbeidsprosjekt. Me samarbeidar med Sion om gjennomføringa av 17.mai-gudstenesta i Moster amfi, og med fleire av dei frikyrkjelege om bønneveke, markering av kristenretten, med vidare. Relasjonane er gode, og det er lett å samtala, be saman og samarbeida. Elles samarbeider ein godt med Salem om ungdomsarbeid. Konfirmantfest vart gjennomført med glans. Soknepresten talar på om lag eitt møte i semesteret i Håvik og Salem. Når det gjeld dei andre kyrkjesokna nemner me den årlege gudstenesta i Moster amfi, gudstenesta Kristi himmelferd på Siggjo, temakveldar m.m.

Jubileumsbok-komiteen

Jubileumsboka er gitt ut hausten 2023, som planlagt. Ho ligg for sal hjå Vikse bokhandel og på Sunnbok. Lanseringa var 19.oktober. I tillegg sel me bøker på ulike arrangement i kyrkja. Soknerådet er takksam for det flotte resultatet, og hadde ei markering hausten 2023 der me delte ut blomar og takk til redaktør Randi Olsen og øvrig bok-komité: Ola Jan Grindheim, Marit Ingvaldsen, Irene Møgster, Randi Gjerde, Per Harald Gjerde, Nils Otto Espeland, Peter Friis og Aksel Lygre.

I 2023 er kr. 20 000 utbetalt frå Finnås Kraftlag. Kr10 000 er gitt som anonym gåve. Hausten 2023 hadde økonomikomiteen ein førespurnad ute til næringslivet på Moster om støtte. Det gav om lag kr.12 000 i inntekt.

Soknerådet takkar endå ein gong komité og redaktør, og anbefalar boka på det varmaste.

Estlandskomiteen og samarbeidet med venskapskyrkjelyden

Me viser til eiga årsmelding, eigen rekneskap og budsjett for dette arbeidet. Vår representant i Estlandskomiteen er Gunnvald Bjotveit. Aksel Lygre er fellesrådet sin representant for prestane i Bømlø.

Her nemner me kort at sommarleir 2023 vart gjennomført med estiske, ukrainske og norske ungdommar. Vanskelege tider i det estiske samfunnet gjer at me framleis prøver å støtta Sangaste kyrkjelyd sitt diakonale arbeid.

Prioriterte innsatsområde og målsetjingar 2023 i Moster sokn

Innsatsområde	Målsetting	Ansvar	Resultat/ evaluering
Diakoni	Å fylgja opp det arbeidet som fungerer	Diakoniutvalet Soknerådet	Utført
	Betre på å sjå og inkludera dei som flyttar til Moster.	Diakoniutval Tilsette Sokneråd	Ikkje gjort
Trusopplæring	Starte evaluering og vidareutvikling av trusopplæring for eldre ungdomar.	Soknerådet, TOL-utvalet og tilsette	Ikkje gjort
	75% oppmøte på trusopplæringstiltaka.	TOL-utvalet og tilsette	Oppnådd nokre gonger
	Få tak i mange nok frivillige til å vera med på trusopplæringstiltaka.	TOL-utvalet	Oppnådd
	Alle trusopplæringstiltaka vert nytta til å rekruttera born og unge til faste tiltak i kyrkje og bedehus.	TOL-utvalet, soknerådet og tilsette	Oppnådd
	Alle som vert fødde som tilhøyrande i Den norske kyrkja vert døypte.	Kyrkjelyden, soknepresten og soknerådet	Usikkert
Leiartrening	Rekruttere ungdom som medarbeidarar og leiarar i kyrkjelyden. Gje dei leiartrening	Soknerådet Tilsette	Ikkje oppnådd
Lyd og bilete	Arrangere årlege kurs for dei som har ansvar for lyd og bilete i kyrkja.	Soknerådet	Ikkje gjort
	Oppgradere utstyret.	Soknerådet/ fellesrådet	Delvis
	Rekruttere nye medarbeidarar	Soknerådet Presten, Medarbeidarar på lyd og bilete	Nokre nye

Gudsteneste	Arbeide for større oppslutting og deltaking i gudstenestene.	Soknerådet Tilsette	Ikkje gjort nok
	Gudsteneste 1 gong i semesteret (utanom trusopplæring) med involvering av, og fokus på ungdom	Sokneråd og tilsette	Ikkje gjort
Kyrkjemusikalsk arbeid	Oppretting av barnekor i kyrkjelyden for eldre barn	Kyrkjemusikalsk utval og soknerådet	Me har valt å avlysa prosjektet
	Halda fram å utvida det varierte musikalske uttrykket.	Kantor, prest og kyrkjemusikalskutval	Delvis gjort
	Rekruttere nye medlemar til kyrkjekoret.	Kyrkjekoret, kantor, kyrkjemusikalsk utval og tilsette	Ikkje gjort
Kyrkjebygget	Fullføre oppussing av kyrkja utvendig, vindaug m.m.	Fellesrådet	Ikkje gjort
	Gjennomføre oppussing av våpenhuset på dugnad	Soknerådet Fellesrådet	Ikkje gjort
	Årleg dugnad i kyrkja mars/april	Soknerådet	Gjort
Nytt orgel	Samle inn kr 1 050 000,- innan 2023 (per dato 1 080 000,- på konto)	Orgelkomiteen Soknerådet Tilsette	Gjort
	Planlegge innviingskonsertar av orgelet	Orgelkomiteen Kantor	Gjort
Kyrkja sitt 150- årsjubileum	Komiteen held fram arbeidet, ut frå sitt mandat, for å utarbeide jubileumsbok og skaffe finansiering	Komiteen Økonomikomiteen Redaktør Soknerådet	Gjort
	Utarbeide ferdig program for jubileumsfeiringa.	Soknerådet Temakveldkomité Soknepresten	Gjort
Smågrupper	Oppretta ei ny bibelgruppe for ungdom innan utgangen av 2023.	Frivillige	Ikkje gjort

Prioriterte innsatsområde og målsetjingar 2024 i Moster sokn

Innsatsområde	Målsetting	Ansvar	Resultat/ evaluering
Diakoni	Å fylgja opp det arbeidet som blir gjort.	Diakoniutvalet Soknerådet	
	Forslag frå diakoniutvalet?		
	Betre på å sjå og inkludera dei som flyttar til Moster sokn.	Diakoniutval Tilsette Sokneråd	
Trusopplæring	Starte evaluering og vidareutvikling av trusopplæring for eldre ungdomar.	Soknerådet, TOL-utvalet og tilsette	
	75% oppmøte på trusopplæringstiltaka.	TOL-utvalet og tilsette	
	Få tak i mange nok frivillige til å vera med på trusopplæringstiltaka.	TOL-utvalet	
	Alle trusopplæringstiltaka vert nytta til å rekruttera born og unge til faste tiltak i kyrkje og bedehus.	TOL-utvalet, soknerådet og tilsette	
	Alle som vert fødde som tilhøyrande i Den norske kyrkja vert døypte.	Kyrkjelyden, soknepresten og soknerådet	
	I dåpssamtalen og gudsteneste skal foreldre og faddere være med for å bli bevisstgjort oppgåva.	Soknepresten	
Leiartrening	Rekruttere ungdom som medarbeidarar og leiarar i kyrkjelyden. Gje dei leiartrening.	Soknerådet Tilsette	
	Starte førebuing av Nådegavekurs i 2025.	Soknerådet Soknepresten	
Lyd og bilete	Arrangere årlege kurs for dei som har ansvar for lyd og bilete i kyrkja.	Soknerådet	
	Oppgradere utstyret.	Soknerådet/ fellesrådet	

	Rekruttere nye medarbeidarar	Soknerådet Presten, Medarbeidarar på lyd og bilete	
Gudsteneste	Arbeide for større oppslutting og deltaking i gudstenestene.	Soknerådet Tilsette	
	Gudsteneste 1 gong i semesteret (utanom trusopplæring) med involvering av, og fokus på ungdom. Må planleggast tidleg.	Sokneråd og tilsette	
Kyrkjemusikalsk arbeid			
	Halda fram å utvida det varierte musikalske uttrykket.	Kantor, prest, kyrkjemusikalsk utval og sokneråd	
	Rekruttere nye medlemar til kyrkjekoret.	Kyrkjekoret, kantor, kyrkjemusikalsk utval, sokneråd og tilsette	
Kyrkjebygget	Fullføre oppussing av kyrkja utvendig, vindauge m.m.	Fellesrådet	
	Gjennomføre oppussing av våpenhuset på dugnad	Soknerådet Fellesrådet	
	Årleg dugnad i kyrkja	Soknerådet	
Nytt orgel			
	Planlegge konserter i samband med innviing av orgelet	Orgelkomiteen Kantor	
Kyrkja sitt 150- årsjubileum	Selje flest mogleg jubileumsbøker.	Økonomikomiteen Soknerådet	
	Gjennomføre ferdig program for jubileumsfeiringa.	Soknerådet Temakveldkomité Soknepresten	
Smågrupper	Oppretta ei ny bibelgruppe for ungdom innan utgangen av 2024.	Frivillige	

